



Dag Helland orienterer om lubbesilda for mellom andre kåsør Svein Rimestad

**Visste du at Døyparen Johannes, som jonsok er oppkalt etter, no er funnen under ei kyrkje på ei øy i Bulgaria?
Dette var ein av dei svært interessante opplysningane som kveldens kåsør Svein Rimestad kom med under ein jonsokprega bøkkerveld. Den mangfaldige dyrlækjaren la hovudvekta på det kjørkjelege men var også innom norske tradisjonar - til dømes at underjordiske har samkome i mange kyrkjer jonsoknatta. Hvis du legg ei jordtorv over hovudet kan du trygt observera trollfolket!**



Ein liten flåte la til kai ved Bøkkerverkstaden

Rimestad tok mellom anna tak i at mange seier Sankthans om jonsok. Det skulle dei ha slutta med for fleire århundrar sidan då reformasjonen gjorde slutt på helgendyrking. I Norden har jonsok vore den viktigaste feiringa nest etter jul og påske og fram til 1770 var jonsokdagen helgedag.



Ved midnatt vart bålet tent

Professor Dag Helland var som vanleg sprudlande morosam i sitt minikåseri om bøkkekvevdanes faste hovudrett lubbesilda, men han kom ikkje med dei betraktningane som var venta om omega 3.



Kvartetten imponerte stort

Dette var bøkkekveld nummer 15 og ein bør slå fast at eldsjelen Kristian Olav Bringedal har gjort ein imponerande innsats for å spre kunnskap og skape liv rundt eit eineståande kulturminne. Men det store spørsmål er kva som skal til for å føre arrangementet vidare, for i fjor måtte det avlysast og i år måtte ein kjempejobb til for å samla 40 til denne spennande kultursamkoma.

I tråd med oppmodinga vart kaia nytta meir enn før denne gongen. Der låg ikkje berre skonnerten Storm, som eigentleg skulle ha vore på Shetlandstur no, men også nokre færingar og ein Nordsjøjeep. Det var også på kaia Bringedal helste forsamlinga og hadde ein instruktiv skuletime om sjøbua der bøkkeryrket vart halde i hevd forbausande lenge - til mekaniseringen tok over. Har du forresten lurt på kor uttrykket 'falle i staver' kjem ifrå? Jo, det er frå bøkkeryrket der det er ein krevande operasjon å hindra at stavane dett!

Ein person som har klart det fekk ekstra merksemd denne kvelden og det var Janne Olsson. Nokon har gjort ein ekstra stor innsats for Bøkkerverkstaden anten i form av gåver eller arbeid og blir utpeika til bøkkerlærlingar. Som synleg heider får dei ein stroken stav med påskrifta Bøkkerlærling pluss årstal. Lærlingen skal kvittera med å syne at ein kan setja opp ei tønne. Janne, Leon Gundersen, Geir Eidsvik og Kjell Borge Olsen har motteke denne heideren men berre Janne har utført oppdraget.

Bøkkekveldeane osar som ein forstår av tradisjon og jazz har ein stor plass, leia av Kjell Borge Olsens kvartett. Denne gongen hadde han med seg sonen Leif Henrik, Bjarne Øymyr og Stein Haugen og sjelden har det svinga så heftig mellom høvelspon og hatleband.

Og kva så med silda, levert av Hjørnevåg? Ho var herleg, største konsum pr. person var truleg 8!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen